



Berre 8 starta med kettlebells ikveld, men det kjem nok fleire neste gong

Kettlebels vert nok populær også i år i turngruppa. Riktignok møtte det berre 8 ved sesongstarten ikveld. men leiar Janne Hjelmeland hadde heller ikkje venta fleire i det fine veret. I alle fall fekk gjengen sveitta skikkeleg ut også inne etter fyrst å ha gjort det ute!
Det neste som skal skje er dametrim ved Astrid Haugland, som startar måndag klokka 19. Samme dag klokka 20 startar også step ved Julie Flodsand medan Janne og Anette Sund tek seg av crossmix klokka 20 den 26. august.

Dei aldersbestemte gruppene startar i 3 puljer. 1-3- klasse startar klokka 18 2. september,. 4-7 klasse klokka 19 samme dag og dei minste som er frå 3 til 6 år har fyrste treningstimen onsdag 9. september klokka 17. Og så går det slag i slag utover hausten. Det er ingen grunn til å tru på mindre oppslutnad enn tidlegare år for uskedelingane er glade trimmarar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen